

**Notat**

Dato: 03.09.2018  
Arkivsak: 2015/11214-11  
Saksbehandlar: berkilv

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Berit Dianne Kilvær

---

**Trafikksikringstiltak Fv40-Opstveit, Matre i Kvinnherad kommune - oversendingsforslag**

I møteprotokoll frå fylkesutvalet 30.08.2018 er det teke inn følgjande:

«**Benthe Bondhus (SP)** sette på vegner av SP fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Trafikksikringstiltak Fv40- Opstveit, Matre i Kvinnherad kommune.

Hordaland fylkeskommune viser til dykkar epostar av 25.05.18 og 10.08.18 til fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen, til leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland, og kopi til fylkesutvalsmedlem Benthe Bondhus. De ber om ei utbetring av bru over Kvednabekkjen, på Opstveit i Matre i Kvinnherad, i samband med at Sunnhordland Kraftlag har starta riving av kraftstasjon.

Tiltaket vil bli vurdert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegar 2019. Investeringsprogrammet og budsjettet for Hordaland fylkeskommune vert lagt fram for fylkestinget i desember.»

Ber om at fylkeskommunen (snarlig) om å gå i dialog med Kvinnherad kommune og Sunnhordland Kraftlag for å finna løysingar på denne utfordringa no.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.»